



## Barn og unge i poliklinisk behandling alderssegment

Psykiske lidinger blir ofte kalla «de unges lidelser», og i dei fleste tilfelle har lidinga vist seg hos pasienten før fylte 25 år. For dei minste barna gjeld behandling i psykisk helsevern ofte barn med autisme, premature, mødre med fødselsdepresjon, rusmiddelskadede eller samansett barnevernsproblematikk. Barneskolealderen er perioden då flest gutar blir tilvist, ofte på grunn av utviklingsforstyrningar, adferdsforstyrningar, eller mistanke om hyperkinetisk forstyrrelse (ADHD). I ungdomsskolealder er jentene i majoritet. Vanlege grunnar for tilvisinga er mistanke om depresjon eller angstlidning, og frå puberteten også tilpassingsforstyrningar og spiseforstyrningar. 95 % av behandlinga for barn og unge i psykisk helsevern skjer poliklinisk, og dei fleste opphalda i døgnbehandling er frivillig.


Polikliniske kontaktar for barn og unge



6-12 år



13-17 år



Kjelde: NPR/SSB

Kontakttrate HELSE FØRDE

## Utval og definisjoner

Pasientar 0-5, 6-12 og 13-17 år som i 2014–2018 hadde minst ein kontakt i PHV barn og unge/vaksne, TSB eller avtalespesialistar PHV er inkludert.

Polikliniske kontaktar er definert som kontaktar der pasienten blei skriven inn og ut same dato, dette inkluderer både polikliniske konsultasjonar og dagbehandling. Indirekte polikliniske kontaktar er ikkje inkludert her.

## Resultat

Barn i alderen 0-5 år hadde færrest polikliniske kontaktar. Kontaktraten varierte i buområda frå 37 til 212 kontaktar per 1 000 innbyggjarar, med 92 som gjennomsnittleg årsrate.

Kontaktraten for barn i alderen 6-12 år varierte i buområda frå 377 til 750 kontaktar per 1 000 innbyggjarar, med 524 som gjennomsnittleg årsrate.

I alderen 13-17 år var den polikliniske kontaktraten for barn og unge størst, med 1 006 som gjennomsnittleg årsrate. Raten varierte i buområda frå 731 til 1 469 kontaktar per 1 000 innbyggjarar.

## Kommentar

Barn og unge er den nest største pasientgruppa i helseatlas for psykisk helsevern og rusbehandling. Variasjonen i poliklinisk behandling for 0-17 år er liten både for kontaktratar og pasienttratar.

For aldersgruppa 13-17 år er jenter i fleirtal og kontaktraten den høgaste i helseatlas for psykisk helsevern og rusbehandling. Raten er høgare enn tilsvarande ratar for vaksne og eldre.

Bruk av poliklinikk for dei ulike alderssegmenta varierer i buområda. Enkelte buområde har relativt høg kontaktrate for barn i gruppa 0-5 år, mens andre har relativt høg kontaktrate i alle alderssegment, og i somme buområde er kontaktratane høge frå tenåra.

Kontakttrate, inndeling i aldersgrupper. Poliklinisk kontaktrate for behandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar: Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet i aldersgruppene 0-5 år, 6-12 år og 13-17 år. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.